

Politikk- og Næringsssenter

Kommunal- og regionaldepartement
Att. Rengård Anita
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykker ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2013/2085 - 21620/2013	Unni Rygg - 55097155	07.10.2013

Innspel til høyring - Lovfesta medverknadsordning for ungdom

Ungdommens kommunestyre (UKD) i Fjell behandla høyring om lovfesting av medverknadsorgan for ungdom på møte 1.oktober 2013, PS 35/13. UKS vedtok følgjande:

Vedtak i Ungdommens kommunestyre - 01.10.2013:

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell gjev ikkje eiga uttale til høyring om lovfesting av medverknadsordning for ungdom, men viser til sak om evaluering av ungdommens kommunestyre.

Møtebok frå denne saka, KS-sak 103/13 vert sendt som innspel i vidare drøfting om medverknadsordning for ungdom.

Med helsing

Unni Rygg
Saksbehandlar Fjell kommune

Vedlegg:

- ♦ møtebok frå sak om ”Evaluering av ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell”



Fjell kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2013/1690-14400/2013
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 26.06.2013

SAKSDOKUMENT

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
58/13	Komite for drift	27.08.2013
103/13	Kommunestyret	26.09.2013

Evaluering av ungdommens kommunestyre (UKS)

Samandrag av saka:

Kommunestyret fekk lagt fram sak om ”Framlegg til endring av vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS)” i møte 20.juni 2013. Kommunestyret valte å utsetje saka og be om evaluering av UKS før behandling av vedtekten.

I denne evalueringssaka vil kommunestyret kunne gje generelle føringar om UKS sine vegval vidare, medan kommunestyret vil få høve til å kome med spesifikke endringar av vedtekten i den utsette saka ”Framlegg til endring av vedtekter for UKS”.

Saka vert lagt fram utan innstilling, men rådmannen legg fram forslag til vedtak og viser til generelle føringar i oppsummeringa av saka.

Innstilling:

Straume, den 26.06.2013

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Komite for drift - 27.08.2013:

Komiteen nytta høvet til å diskutere samansetninga av UKS som skal behandles i kommunestyret i utsett sak ”Framlegg til endring av vedtekter”. Komiteen gav signal om at det prinsipielt sett ikkje bør veljast ungdomar til UKS direkte frå organisasjonar som t.d. MOT. Komiteen diskuterte seg fram til at UKS heller burde samarbeide, i større grad, med mange ulike organisasjonar i kommunen som jobbar for ungdom.

Ernst Einarsen (H) kom elles med framlegg om å følgje rådmannen sine generelle føringer i oppsummeringa av saka, men sette punktum etter ”..noverande form” i punkt 1 og ta vekk siste kulepunktet ”Andre tiltak” i punkt 2.

Framlegget frå Einarsen (H) vart samrøystes vedteke som tilråding til kommunestyret.

Tilråding i Komite for drift - 27.08.2013:

1. Kommunestyret ynskjer å vidareføre ordninga med UKS i si noverande form.
2. Kommunestyret vil sikre tidleg involvering av UKS i relevante saker ved å oppmøde både administrasjon og politiske organ om å ta følgjande initiativ ovanfor UKS:
 - Halde korte orienteringar om komande planar tidleg i prosessen for å sikre innspel frå ungdomen
 - Prioritere møter med ungdomen
 - Velje UKS-representantar til arbeidsgrupper
 - Fordеле saker til UKS med tilrådingsrett
 - Engasjere seg i UKS sin tiltaksplan
 - Synleggjere UKS sitt tilskot
 - Bruke politisk representant som bindeledd mellom UKS og politiske organ
3. Kommunestyret har framleis, i tillegg til generelle føringer i denne evalueringssaka, høve til å gjere spesifikke endringar av vedtekten ved ny handsaming av den utsette saka ”*Framlegg til endring av vedtekter*”.

Handsama i Kommunestyret - 26.09.2013:

Tilråding gjort i komite for drift vart **samrøystes** vedteke.

Desse hadde ordet i saka:

Johnn Hardang (KrF) og Vidar Arnesen (Frp)

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2013:

4. Kommunestyret ynskjer å vidareføre ordninga med UKS i si noverande form.
5. Kommunestyret vil sikre tidleg involvering av UKS i relevante saker ved å oppmøde både administrasjon og politiske organ om å ta følgjande initiativ ovanfor UKS:
 - Halde korte orienteringar om komande planar tidleg i prosessen for å sikre innspel frå ungdomen
 - Prioritere møter med ungdomen
 - Velje UKS-representantar til arbeidsgrupper
 - Fordèle saker til UKS med tilrådingsrett
 - Engasjere seg i UKS sin tiltaksplan
 - Synleggjere UKS sitt tilskot
 - Bruke politisk representant som bindeledd mellom UKS og politiske organ
6. Kommunestyret har framleis, i tillegg til generelle føringer i denne evalueringssaka, høve til å gjere spesifikke endringar av vedtekten ved ny handsaming av den utsette saka ”*Framlegg til endring av vedtekter*”.

Dokument vedlagt saka:

Elektronisk lenkje til saker omtalt i saksopplysninga, sjå liste:

<https://www.fjell.kommune.no/Politikk/For-folkevalde/Aktuelle-motedokument/>

- ◆ KPU-sak 218, 24.08.2004 – Ungdomsplan – Iverksetjing av vedtekne ungdomstiltak
- ◆ KD-sak 114, 07.12.2004 – Etablering av ungdomsrådet – vegval og prinsipp
- ◆ KS-sak 61, 22.06.2006 – Framlegg til vedtekter for Fjell ungdomsråd
- ◆ KFF-sak 56, 03.06.08 – Status Fjell ungdomsråd
- ◆ KD-sak 15, 10.03.2009 – Samarbeidet mellom UKS og dei styrande i Fjell kommune
- ◆ KD-sak 59, 22.09.2009 - Utarbeiding av retningslinjer i høve tilskot frå UKS i Fjell
- ◆ KS-sak 6, 25.03.10 – Ungdommens kommunestyre (UKS) som medverknadsorgan for unge i Fjell
- ◆ KD-sak 73, 05.10.10 – Ytterlegare formalisering av ungdommens kommunestyre (UKS)
- ◆ KS-sak 72, 20.06.2013 – Framlegg til endring av vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS)

Saksopplysningar:

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell skal evaluerast. I KS-møtet 20.juni 2013 var saka ”*Framlegg til endring av vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS)*” på sakslista. Kommunestyret valte å utsetje saka. Som grunngjevnad vart det vist til § 6 i UKS-vedtekten om evaluering og endring:

§ 6: UKS kan kome med framlegg om endring av vedtekten. Framlegget skal fremjast for kommunestyret som gjer vedtak. Kommunestyret kan og koma med framlegg om å endra vedtekten. Før vedtak vert gjort skal UKS ha høve til å kome med uttale til endringsframlegget. Ordninga med UKS skal evaluerast med jamne mellomrom.

Det vart også presisert at ”*endring av vedtekten er av viktig prinsipiell karakter og Fjell kommunestyre bør evaluere UKS før slike prinsipielle avgjerder vert tekne*”. For å setje desse to sakene i samanheng, så vil evalueringssaka omhandle og utarbeide generelle føringar for UKS medan saka om endring av vedtekter rettar seg mot spesifikke endringar av vedtekten.

Frå Fjell ungdomsråd....

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell vart etablert som ungdomsråd i 2005. Frå etableringa av utvalet har politiske organ fått saker til behandling som har regulert verksemda i UKS.

I den politiske tiltredingserklæringa i 2004 var eit av punkta ”*Vi vil etablera eit ungdomsråd i Fjell*”. Komité for plan og utvikling (KPU) behandla saka ”*Ungdomsplan – Iverksetjing av vedtekne ungdomstiltak*” hausten 2004, og vedtaket inkluderte vidare arbeid med å etablere eit ungdomsråd i kommunen. I desember 2004 var saka ”*Etablering av ungdomsrådet – vegval og prinsipp*” på komité for drift (KD) si saksliste. Saka la vekt på at klare retningslinjer for ungdomsrådet og oppfølging frå administrasjon og politisk mynde ville vere avgjerande for om ungdomsrådet lukkast eller ei. Representativitet skulle sikrast gjennom val av ungdomar frå elevråda ved ungdomsskulane (2 elevar frå kvar ungdomsskule), frå elevråda ved vidaregåande skule (2 elevar) og frå klubbstyrta ved ungdomsklubbane (1 representant frå kvar ungdomsklubb) slik at ungdomsrådet var samansett av 10-15 representantar i alderen 13-19 år. I tillegg vart det vurdert i saka at representantar frå ungdomsrådet burde ha høve til faste møter med ulike politiske organ. Ungdomsrådet vart samråystes etablert i samsvar med rådmannen si tilråding i saka, med følgjande merknad:

- *Elevrådet ved Sotra vidaregåande skule får velje 4 representantar til ungdomsrådet, i staden for 2.*
- *Kontakten mellom ungdomsrådet og dei ulike politiske organa må avklarast nærmare.*

Fjell ungdomsråd vart konstituert våren 2005 og det vart jobba med å utarbeide vedtekter på grunnlag av premissa frå kommunestyresaka om etablering av ungdomsråd. Vedtekter for UKS vart vedteke av kommunestyret i eiga sak juni 2006, «*Framlegg til vedtekter for Fjell ungdomsråd*», og dei ulike paragrafane i vedtektena vart diskutert – føremål og mynde; samansetjing av rådet; møteverksemda; økonomi og administrasjon. Under ”*føremål og mynde*” vart ulike oppgåver for ungdomsrådet skissert, og det vart lagt vekt på korleis UKS kunne få medverknad som utval. Under drøfting av ”*samansetjing av rådet*” vert det vist til at talet på medlemer i UKS bør reduserast ut frå kva som vart vedteke i opphavleg KD-sak. Samansetjinga av medlemer vart såleis redusert til 1 medlem frå kvar ungdomsskule, 2 medlemar frå vidaregåande skule og 1 medlem frå kvar kommunal ungdomsklubb. Under drøfting av ”*møteverksemda*” kom det fram at ungdomsrådet sjølve ynskte 8-10 møter i året, men at rådmannen gjekk inn for inntil 3 møter i halvåret grunna erfaringar frå møta. Det vert samstundes peika på at det kan vere tenleg for ungdomsrådet å oppnemne arbeidsutval når særskilte saker skal behandlast. Under ”*økonomi og administrasjon*” var møtegodtgjersla eit viktig tema. I byrjinga vart det ikkje utbetalt møtegodtgjersle til ungdomsrådet, og rådmannen rådde til ei moderat line med omsyn til møtegodtgjersle slik at opplæring og kurs kunne prioriterast innan budsjettmidlane. Kommunestyret fekk tilråding frå KFF om følgjande endring under paragraf 1 (utheva) og tilrådinga vart også vedteken:

§1. Ungdomsrådet har rett til å møte med 2 representantar (leiar /nestleiar og den/dei rådet peikar ut) i politiske styringsorgan i Fjell kommune (kommunestyre og komiteane) 2-4 gongar i året. *Representantane har talerett.*

Eit av områda som det nye ungdomsrådet gjekk i gang med, i samband med arbeidsgruppe frå KPU, var ungdomsplanen som var utarbeidd som ein delplan etter plan- og bygningslova. ”*Ungdomsplan 2006-07*” vart godkjent av kommunestyremøtet i mars 2006 med følgjande intensjon frå saksutgreiinga: ”*Ungdomsplanen 06-07 og Ungdomsrådet er etablert med tanke på å styrke og formalisere ungdom sin medverknad i den kommunale forvaltninga*”.

Fjell ungdomsråd var i dialog med komité for finans og forvaltning (KFF) i 2008 og komiteen fekk saka ”*Status Fjell ungdomsråd*” til behandling i juni 2008. I saka vart fleire endringar for utvalet diskutert men berre to konkrete forslag om endringar vart skissert for KFF – namnebyte, frå ungdomsråd til ungdommens kommunestyre (UKS), og eigne midlar til rådvelde som kan delast ut til søkjrarar som vil setje i gang tiltak for unge i Fjell. KFF kom med følgjande tilråding til kommunestyret om forslaga:

Tilråding i Komité for finans og forvaltning - 03.06.2008:

1. *Namnet Fjell Ungdomsråd blir endra til Fjell Ungdommens Kommunestyre*
2. *Eigne midlar til disposisjon for Fjell Ungdommens Kommunestyre vert ev. teke opp i budsjettet for 2009*

Tilrådinga vart samrøystes vedteke av kommunestyret i juni 2008. Fjell ungdomsråd var no omdefinert til ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell.

.....til ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell

UKS vart deretter invitert til dialog med komité for drift (KD) på desembermøtet i 2008, og komiteen bad om ei sak om samarbeidet med UKS. Utgangspunktet var eit ynskje, frå både UKS og komiteen, om å få på plass eit betre samarbeid mellom det politiske miljøet og UKS. Saka ”*Samarbeidet mellom UKS og dei styrande i Fjell kommune*” vart lagt fram for

komiteen mars 2009. I saka kom det fram at det var ”gap mellom føremålet i UKS-vedtekten og den forma samarbeidet har hatt fram til no”. Det vart særskilt peika på at UKS, med sine 6 møter i året, hadde vanskar med å vere mellom anna ein aktiv høyringsinstans. Det vart også peika på at eit fast møte mellom nokre politiske representantar og nokre UKS-representantar ville vere tenleg for å ”fjerne opplevde kommunikasjonsproblem”, og at ein eigen politisk ungdomskontakt blant dei folkevalde ville vere positivt for det vidare samarbeidet. Saka munna ut i følgjande vedtak i komiteen:

Vedtak i Komité for drift - 10.03.2009:

Saker frå UKS kan meldast inn til komiteen via administrasjonen. KD skal halde 2 statusmøte med UKS pr. år.

Ungdommens kommunestyre fekk saka som referatsak og kom med følgjande merknad:

Handsama i Ungdommens kommunestyre - 16.03.2009:

Ungdommens kommunestyre tok saka til orientering, og var nøgde med at ein endeleg har fått på plass eit meir formalisert samarbeid enn tidlegare. UKS ser det som naturleg at dette nye samarbeidet vert evaluert med jamne mellomrom når Ungdommens kommunestyre elles vert teke opp til evaluering, jf vedtekten.

UKS vil ta initiativ til dei vedtekne møta, og ser for seg eit møte like etter oppstart om hausten og det andre møtet i løpet av vårparten.

Når det gjaldt eigne midlar til UKS så vart temaet utsett til budsjetthandsaminga for 2009. Ved kommunestyret si behandling av endringsbudsjett i februar 2009 fekk UKS løyvd kr 50.000 i tilskotsmidlar som utvalet kunne dele ut til tiltak for ungdom i Fjell etter søknad. UKS-medlemene utarbeidde eigne retningslinjer og søknadsskjema for tilskotet som vart godkjent av KD hausten 2009. UKS har søkt kommunestyret om det same beløpet ved kvar budsjettsak, og beløpet har blitt løyvd kvart år sidan den tid.

I 2010 fekk kommunestyret lagt fram referatsaka RS 6/10 ”*Ungdommens kommunestyre (UKS) som medverknadsorgan for unge i Fjell*” på møte 25.03.10. Saka omtalte ei oppmoding frå kommunal- og regionaldepartementet om å styrke rolla til ungdomsråd / UKS i kvar kommune. I saksutgreiinga vart det lagt vekt på alle tiltaka som var gjennomført i Fjell for UKS, og det vart også nemnt at utvalet enno ikkje var etablert som fast utval – eit tiltak som departementet framheva som sentralt for å styrke rolla til utvalet. Saka munna ut i følgjande handsaming og vedtak:

Handsama i Kommunestyret - 25.03.2010:

Kommunestyret set pris på det arbeidet som ungdommens kommunestyre gjer og vil gjerne formalisere dette arbeidet ytterlegare.

Følgjande framlegg og innspel vert oversendt komité for drift for vidare handsaming:

- *Framlegg frå Jan Arthur Nilssen (H):*
- *Kommunestyret tek saka til etterretning. Kommunestyret ber samstundes om at Rådmannen kjem attende til Kommunestyret med ei sak der UKS vert etablert som eit fast utval etter kommunelova. Kommunestyret ber og rådmannen komme attende til kommunestyret med sak om fast politisk kontaktperson for UKS.*
- *Innspel frå Marianne Sandahl Bjørøy (AP): legge til rette for at medlemer i UKS kan lære av erfarte politikarar gjennom t.d. ein fadderordning. Vise gjennom involvering av UKS i politiske saker at Fjell kommune meiner alvor med dette organet. Etablere ei ordning der leiar av UKS møter i kommunestyret ein gong i året og orientering om drifta*
- *Innspel frå Anita Heggholmen (SL): viser til det gode arbeidet UKS gjorde i utarbeiding av Straumeplanen. Det må leggjast betre til rette for at UKS kan drive sitt arbeid utan for mykje byråkrati og raskare kunne sjå resultat av arbeidet.*

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010:

Saka vert teke til etterretning.

Komit  for drift f r ansvar for vidare oppf lging av saka, med bakgrunn i framlegg og innspel som kom fram i m tet.

Denne saka vart folgt opp av sak til komit  for drift (KD) i oktober 2010 om ”*Ytterlegare formalisering av ungdommens kommunestyre (UKS)*”. I saka vart kommunestyret sine innspel dr fta og det vart skissert 5 tiltak, i r dmannen si innstilling, for   formalisere UKS:

Innstilling:

1. *Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell vert etablert som fast utval.*
2. *Som fast politisk kontaktperson for UKS vert valt , med m te- og talerett i UKS.*
3. *UKS f r auka m tefrekvens i sine vedtekter, dvs. 8-10 m ter pr.  r, med tilsvarande auke i budsjettet.*
4. *Leiar av UKS vert invitert til kommunestyret ein gong pr.  r, p  v rparten, for   informere om drifta.*
5. *Etablering av ei politisk fadderordning for UKS vert utsett til hausten 2011 og nytt kommuneval.*

Alle tiltaka vart samr ystes vedtekne av komiteen, og Bj rnar Fjellhaug vart valt som fast politisk kontaktperson for UKS. For kommunestyreperioden 2011-15 er varaordf rar Odd Bjarne Skogestad valt inn som politiske kontaktperson for UKS.

Vurdering:

Erfaringar med UKS

Interesseorganet for ungdom i Fjell har fungert i 8  r – fyrst som ungdomsr d og deretter som ungdommens kommunestyre (UKS). I l pet av desse  ra har det blitt lagt fram ei rekke saker for politikarane i Fjell som har sikra ytterlegare formalisering av utvalet, jf. hensikta med utvalet – ”*Ungdomsr det er etablert med tanke p    styrke og formalisere ungdom sin medverknad i den kommunale forvaltninga*”.

Det kan vere tenleg   diskutere erfaringar med UKS ved   ta utgangspunkt i vedtekten som dannar ramma for grad av medverknad. I tillegg har administrasjonen bedt noverande UKS-medlemer om tilbakemelding p  drifta av utvalet og relevante tilbakemeldingar vert tekne med i skisseringa under.

❖ Vedtekter § 1: F rem l og mynde

Fjell ungdommens kommunestyre (UKS) skal vere eit kontakt- og interesseorgan / r dgjevande organ der ungdom i kommunen kan dr fte saker som vedkjem dei og f  h ve til p verknad og medbestemming i kommunale saker slik at avgjerds- og vedtaksprosessane i Fjell kommune vert styrka.

UKS avgjer sj lv kva saker dei skal arbeide med.

UKS er underlagt kommunestyret v/ordf rar og administrasjonen v/servicetorgsjefen i h ve organisering, drift og  konomi.

UKS har rett til   m ta med 2 representantar (leiar/nestleiar og den/dei r det peikar ut) i politiske styringsorgan i Fjell kommune (kommunestyre og komiteane) 2 - 4 gongar i  ret. Representantane har talerett.

UKS skal vere kommunen sitt høyringsorgan i alle saker som vedkjem ungdom. Uttalar frå UKS i saker som er til handsaming i kommunale organ, skal følgja saksdokumenta som vedlegg i den vidare handsaminga heilt fram til endeleg vedtak vert gjort.

UKS er etablert som fast utval ved vedtak i kommunestyret 25.11.2010.

UKS skal ha fast politisk kontaktperson med møte- og talerett.

Innhaldet i vedtekter § 1 viser til at UKS skal få høve til ”påverknad og medbestemming” gjennom eiga møteverksemrd, retten til å møte i politiske styringsorgan i kommunen, arbeidet som høyringsorgan i saker som vedkjem ungdom, etableringa som fast utval og fast politisk kontaktperson i utvalet. I praksis vert retten til å møte i politiske styringsorgan brukt i lita grad av UKS. Dei er derimot aktive som høyringsorgan i saker som vedkjem ungdom, men samstundes gjev funksjonen som høyringspart lita grad av medverknad då dei politiske prosessane har kome langt når ei sak vert sendt ut på høyring. Her er såleis mykje å hente på at både administrasjonen og politikarane brukar UKS tidleg i prosessen – i enno større grad enn kva som er tilfelle i dag. Administrasjonen har svært gode erfaringar med å bruke representantar frå UKS i politiske og administrative arbeidsgrupper som jobbar fram planar / prosjekt. Som eit ledd for å sikre ungdom formell medverknad, vart det arbeidd med å lage ein ungdomsplan parallelt med oppstartig av ungdomsrådet i Fjell. Ungdomsplanen, som gjaldt for året 2006-07, synleggjorde behova for dei unge med eige handlingsprogram som administrasjonen i stor grad hadde ansvaret for å realisere gjennom konkrete tiltak. Ungdomsplanen vart aldri rullert, men erstatta i 2010 av ein tiltaksplan for UKS der UKS har ansvaret for å både utarbeide og gjennomføre tiltaka. Erfaringar med tiltaksplanen viser at det krev for mykje av UKS å utarbeide gode tiltak og å jobbe fram alle tiltaka sjølve.

❖ Vedtekter § 2: Samansetjing av Fjell ungdommens kommunestyre (UKS)

UKS skal vera samansett av ungdom i alderen 13 - 19 år, heimehøyrande i Fjell kommune.

Medlemmane skal rekrutterast frå alle ungdomsskulane, vidaregåande skule og alle kommunale ungdomsklubbane for å sikra geografisk representasjon.

UKS skal ha minst 40% (4 representantar) av kvart kjønn.

UKS skal ha 11 representantar med vararepresentantar som skal veljast slik:

2 representantar med vara valde av elevrådet i 8. eller 9. kl ved Fjell ungdomsskule

2 representantar med vara valde av elevrådet i 8. eller 9. kl ved Tranevågen ungdomsskule

1 representant med vara valde av elevrådet i 8. eller 9. kl ved Danielsen ungdomsskule

2 representantar med vara frå 1. og/eller 2. kl valde av elevråda ved Sotra vidaregåande skule på allmannamøte for elevar heimehøyrande i Fjell kommune

2 representantar med vara valde frå kvar av dei kommunale ungdomsklubbane (2), Straume ungdomsklubb og Kårtveit ungdomsklubb

Valperioden er 2 år. Halvparten av medlemene vert valde kvart år. Første gong vert halvparten av medlemene valde for 1 år.

Valet skal vere avvikla innan 15. september kvart år. UKS vel sjølv leiar, nestleiar, sekretær og eventuelle andre verv for 1 år om gongen. Desse vala skal skje på første møtet etter valet.

Samansetninga av UKS har vore noko endra frå oppstart til gjeldande vedtekter, men erfaringar under møta viser at talet på ca 11 representantar ser ut til å fungere i utvalet. Administrasjonen ser at det er naudsynt med initiativrike og engasjerte medlemer i UKS for å nå målsetjinga med utvalet. I juni 2013 vart saka ”*Framlegg til endring av vedtekter for ungdommens kommunestyre (UKS)*” behandla av kommunestyret som vedtok å utsetje saka. I saka vart det mellom anna føreslått å endre samansetjinga av medlemene i UKS. Éi endring

gjekk på å framleis velje 2 representantar frå kvar kommunale ungdomsskule men at éin av desse ungdomsskulerepresentantane også skulle vere ungdom med MOT. Fordelen med ei slik endring kan vere ekstra motiverte medlemer; ulempa er at nokre medlemer slik sett vert peika ut av vaksne i forkant av valet til UKS. Ei alternativ løysing er å halde av nokre plassar til ope allmøte for ungdom, der alle ungdommar har høve til å stille som kandidat til vervet – uavhengig av skule eller klubb – og der ungdom sjølve avgjer valet. Dersom ingen stiller som kandidat til eit slikt ope møte så vert talet på medlemer redusert tilsvarende i det aktuelle året. I tillegg vart det foreslått å utvide talet på UKS-medlemer frå Sotra vidaregåande skule, frå 2 til 4 stk, då rådmannen meiner det er vesentleg med tilnærma lik representasjon frå dei ulike rekrutteringsarenaene og at jamnare aldersrepresentasjon i utvalet styrkar engasjementet. Dessutan anbefalar rådmannen å redusere talet på medlemer frå kvar kommunale ungdomsklubb, frå 2 til 1 stk, men reduksjonen har meir ”praktiske” årsaker enn faglege årsaker då det sikrar at det totale talet på medlemer er stabilt etter dei føreslåtte endringane. Det har også ein årsak i at Kårtveit ungdomsklubb har vore stengt i ein langvarig periode – noko som gjer det vanskeleg å velje medlemer frå ungdomsklubben til UKS. Samstundes har administrasjonen vurdert at medlemene til UKS bør veljast direkte frå elevråda / klubbstyra, og ikkje av elevråda / klubbstyra, for å betre informasjonsflyten frå elevrådet til UKS og få fram aktuelle saker – ei vurdering som vart gjort allereie i fyrste saka om ungdomsråd i 2004.

❖ Vedtekter § 3: Organisering og møteverksemnd

UKS skal ha 6 møter i året. Møta skal leggjast til etter skuletid. UKS skal ha rett til å leggja møta til Fjell rådhus. Møta skal annonserast etter same modell som politiske møte og vere opne for publikum. For at eit vedtak gjort i møte skal vera gyldig må minst halvparten av medlemene vere til stades under drøftingane og ha røysta.

Sakspapir skal sendast ut ei veke før møte. Det skal skrivast referat / protokoll frå møta. Innkallinga og protokoll skal leggjast ut på kommunen si heimeside.

Det kan oppnemnast arbeidsutval med 2 - 3 medlemer når spesielle saker skal utgreiast. Saker frå UKS kan meldast inn til komité for drift (KD) gjennom administrasjonen. KD skal halde 2 statusmøte med UKS pr. år.

Leiar av UKS skal informere kommunestyret om drifta ein gong pr. år, på vårparten.

Når Fjell ungdomsråd vart skipa byrja dei med ca 6 møter i året. Ungdomsrådet ytra ynskje om fleire møter i året, ca 8-10 møter, men dei fekk ikkje løyvd budsjettmidlar til så mange møter før i 2010. Kommunestyret behandla saka ”Revisjon av reglement for politisk styring og politisk avgjerdsmynne” i mai-møtet 2013. Der vart det mellom anna vedteke at UKS berre får godtgjersle for 6 møte pr. år, så vedtektena er endra tilsvarende. Når det gjeld sakspapir til møtet så får UKS tilsendt ei tilsvarende innkalling og protokoll som politikarane får, både i papirutgåve og på e-post. Det gjer at UKS har høve til å førebu seg om dei prioriterar det. UKS har elles forsøkt seg på å opprette arbeidsutval til behandling av særskilte saker, men det har vore lite vellykka. Det har vore enklare for enkeltmedlemarar å delta i arbeidsgrupper som andre har ansvaret for enn å ta styringa sjølv. I høve UKS sin kontakt med komité for drift (KD) så viser erfaringar at det er tenleg for UKS å ha kontakt med KD – noko ungdomane sjølve har stadfestat i sine tilbakemeldingar. Det viser seg likevel i praksis at det kan vere vanskeleg for ungdomane å finne tid til to statusmøte med UKS pr år, og administrasjonen har difor diskutert om statusmøta med KD kan reduserast til 1 gong pr år. UKS har også høve til å melde inn særskilte saker til KD men dette har hittil ikkje blitt nytta. Det siste punktet i vedtektena, om at leiar av UKS skal informere kommunestyret om drifta av utvalet kvar vår, har hittil vore vanskeleg å gjennomføre på ein god måte. Det gjer at administrasjonen har diskutert endring av politisk fora som UKS skal informere til – og i staden tenkjer på formannskapet med sine 11 representantar.

❖ Vedtekter § 4: Økonomi og administrasjon

UKS skal ha ein kontaktperson / koordinator tilsett i servicetorget. Kommunen skal syta for tilfredsstillande sekretariatshjelp for UKS. UKS skal, etter avtale med servicetorget, kunne ha tilgjenge til ein kontorarbeidsplass på Fjell rådhus.

UKS får eigne budsjettmidlar til rådvelde etter løyving/vedtak i samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret.

Det skal utbetalast møtegodtgjersle til medlemene i UKS etter same modell som for dei politiske organa.

Servicetorget har sekretariatsfunksjonen for UKS. Sjølv om det kan variere kven som har hatt funksjon som koordinator så er alltid målet å yte tilfredstillende sekretariatshjelp. UKS fekk i februar 2009 løyvd eigne midlar som utvalet deler ut i tilskot til ungdomsprosjekt. Dette tilskotet har UKS gode erfaringar med og vert trekt fram som eit meiningsfullt tiltak, sjølv om tilskotet har få søkjurar og detaljerte retningslinjer. Det kunne vore ein idé å forenkle retningslinjene slik at det opnar opp for fleire løyvingar og fleire søkerar. Elles har UKS fått godtgjersle sidan vedtektena vart godkjente i 2006, og dei er plassert i gruppe B for utbetaling av godtgjersle. Det kan diskuterast i kor stor grad motivasjonsfaktoren for å vere med i UKS har samanheng med godtgjersla.

❖ Vedtekter § 5: Opplæring

Medlemene i UKS skal gjennomgå ei opplæring i kommunal verksemد i tida etter dei er valt inn i rådet. Dei skal og få høve til å delta på kurs og seminar i valperioden.

Sidan våren 2010 har Fjell og Askøy UKS hatt opplæringsdag saman. Dette har både Fjell UKS og Askøy UKS vore positive til, då utvala mellom anna delar på kven som står for gjennomføringa, og utvala har dei siste åra fått med seg nyetablerte Sund ungdomsråd og Øygarden ungdomsråd. Det gjer at utvala kan arrangere regional opplæringsdag éin gong pr år – i år er det Sund og Øygarden ungdomsråd som har ansvar for opplæringsdagen. I tillegg har Fjell kommune brukt leiar av politisk sekretariat til å informere dei nye ungdomane om den politiske og administrative verksemda i kommunen. Representantar frå UKS vert også sendt på ungdommens fylkesting kvart år, og dersom det kjem tilbod om kurs vert det sendt representantar om det høver seg. I tilbakemeldingar frå medlemer av UKS vert det trekt fram at leiar av UKS bør ha meir opplæring enn kva vedkomande får i dag, noko administrasjonen tek med seg. Det er også ynskje om meir opplæring i å fremje saker til alle medlemene.

❖ Vedtekter § 6: Endring og evaluering

UKS kan kome med framlegg om endring av vedtektena. Framlegget skal fremjast for kommunestyret som gjer vedtak. Kommunestyret kan og koma med framlegg om å endra vedtektena. Før vedtak vert gjort skal UKS ha høve til å kome med uttale til endringsframlegget. Ordninga med UKS skal evaluerast med jamne mellomrom.

Vedtektena til UKS har blitt justert med små grep gjennom åra utvalet har eksisterte. Det har ikkje blitt lagt opp til noko reell evaluering av utvalet før no.

Oppsummering

Administrasjon og politikarar har gjennom åra diskutert ulike måtar å gjere ungdom i kommunen synlege og gje dei reell medverknad i saker som vedkjem ungdom. Eit av desse tiltaka var å etablere eit ungdomsråd i 2005 – eit organ for ungdom som framleis eksisterar men no som ungdommens kommunestyre (UKS).

UKS har utan tvil gjort ungdom *meir synlege* – UKS har råderett over kr 50.000 som dei årleg kan dele ut til søkjrarar som stettar retningslinjene for tilskotet; UKS vert invitert til komité for drift (KD) to gongar pr år; UKS vert invitert til kommunestyret ein gong pr år; UKS har innkalling og protokoll liggande ute på kommunen si nettside slik at kven som helst kan følgje med; UKS har si eiga Facebook-side der dei kan informere om oppgåver dei jobbar med osv. Likevel – i tilbakemeldingar frå medlemer av UKS vert det trekt fram at UKS skulle ha vore meir synlege på ungdomen sine arenaer, på skulane og klubbane.

Dessutan; er ungdom sin medverknad i den kommunale forvaltninga blitt styrka og formalisert med etableringa av UKS slik som opphavleg tenkt? Medverknaden er utan tvil *formalisert*, då UKS er anerkjent som utval med ordna og faste former. Men om medverknaden er reell, *om ungdomen har fått styrka medverknad gjennom UKS*, kan diskuterast.

Erfaringar viser at når UKS vert brukt ”riktig” – *tidleg i prosessen og på deira premissar* – så fungerer dei særskilt godt som talerøyr for ungdom i Fjell. Eit døme på ”riktig bruk” er når representantar frå UKS vert tekne med i politiske og administrative arbeidsgrupper som jobbar fram planar og prosjekt med representantar frå UKS som bidragsytar. Det kan sjå ut som at UKS treng tilstrekkeleg med vaksenhjelp for å fungere godt, med *vaksne som tek initiativ og ansvar*. Både administrasjonen og politikarane har mykje å hente her, ved å i større grad ta initiativ til at ungdomane skal høyrast – t.d. ved å la UKS kome med tilråding i saker som skal behandlast i komitear, formannskapet eller kommunestyret; oppmøde om val av representantar frå UKS til ulike arbeidsgrupper. Etablerte samarbeidsformer med dei styrande i Fjell kommune, jf. statusmøter med KD og orientering til kommunestyret, krev sitt for at dei skal fungere som ynskja.

Utvælet fungerer ulikt frå periode til periode då halvparten av medlemane bytast ut annakvart år. Medlemane må vere engasjerte og motiverte for at utvalet skal kunne påverke saker som vedkjem ungdom. Framlegg til endra vedtekter, jf. utsett sak i kommunestyret juni 2013, har bakgrunn i at administrasjonen ynskjer å legge til rette for eit engasjert UKS, noko som brei representasjon, alder og MOTiverte ungdomar kan bidra til. Her kan finnast andre måtar å legge til rette for engasjerte medlemer i utvalet – som t.d. gjennomføre val av nokre UKS-medlemer ved ope allmøte for ungdom. Poenget er å sikre størst mogleg grad av *motiverte og engasjerte medlemer* i UKS som var målsetjinga med framlegg til endring av samansetjinga av medlemer i den utsette saka.

Det kan konkluderast med at ungdommens kommunestyre (UKS) er eit viktig organ for dei unge i Fjell kommune, og at organet bør oppretthaldast. Det kan sjå ut som at UKS framleis strevar etter å finne si form men det er likevel ein ”høgst oppegående 8-åring”. I den fyrste saka frå 2004 om etablering av ungdomsråd vart det lagt vekt på at ”*klare retningslinjer for ungdomsrådet og oppfølging frå administrasjon og politisk mynde vil vere avgjerande for om ungdomsrådet lukkast eller ei*”. I tillegg til å leite etter motiverte og engasjerte medlemer til UKS, er det sentralt med oppfølging på ungdomane sine premissar.

Kommunestyret må i denne saka ta stilling til vidare retning for ungdommens kommunestyre (UKS). Rådmannen legg fram forslag til nokre generelle føringer som kommunestyret kan bruke for å styrke UKS sin medverknad :

7. Kommunestyret ynskjer å vidareføre ordninga med UKS i si noverande form, men vil gjere følgjande justeringar:.....
8. Kommunestyret vil sikre tidleg involvering av UKS i relevante saker ved å oppmøde både administrasjon og politiske organ om å ta følgjande initiativ ovanfor UKS:
 - Halde korte orienteringar om komande planar tidleg i prosessen for å sikre innspel frå ungdomen
 - Prioritere møter med ungdomen
 - Velje UKS-representantar til arbeidsgrupper
 - Fordele saker til UKS med tilrådingsrett
 - Engasjere seg i UKS sin tiltaksplan
 - Synleggjere UKS sitt tilskot
 - Bruke politisk representant som bindeledd mellom UKS og politiske organ
 - Andre tiltak:.....
9. Kommunestyret har framleis, i tillegg til generelle føringer i denne evalueringssaka, høve til å gjere spesifikke endringar av vedtekten ved ny handsaming av den utsette saka «*Framlegg til endring av vedtekter*».